



Arbeidstilsynet

VÅR DATO
06.03.2014

DYKKAR DATO
14.02.2014

VÅR SAKSHANDSAMAR
Edvard Klette tlf 958 14 771

VÅR REFERANSE
2014/62514 47075/2014
DYKKAR REFERANSE

1

Bruvoll Camping
Hundvinvegen 10
5956 HUNDVIN

VEDTAK OM SAMTYKKE TIL OMSØKTE PLANAR OG VEDTAK OM GEBYR, JF. ARBEIDSMILJØLOVA § 18-9 (1)

Vi viser til søknad frå H&H Arkitektkontor datert 14.02.14 om samtykke til planar for oppføring av 2 hytter i Hundvinvegen 10 i Lindås kommune gnr. 55, bnr. 35. Jf. arbeidsmiljølova § 18-9 (1).

Det omsøkte tiltaket går ut på å føra opp 2 mindre hytteeiningar, kvar på ca. 30 m2, for utleiga knytt til campingplass.

Følgjande dokument er motteke:

- Søknad om samtykke med opplysnings skjema, ymse anna informasjon og dokumentasjon, situasjonsplan, fasade-, snitt- og planteikningar.

Vi beheld dokumenta.

Vedtak om samtykke

Med bakgrunn i opplysningar i søknaden og med heimel i arbeidsmiljølova § 18-9 (1) gjev vi samtykke til planane.

Samtykke vert gjeve på bakgrunn av opplysningar og planar som låg føre på tidspunktet for vedtaket. Samtykke er ikkje ei godkjenning av lokala eller arbeidsplassen.

At vi gjev samtykke til planane betyr ikkje at Arbeidstilsynet går god for at alle krava til fysisk arbeidsmiljø er teke i vare. Det er tiltakshavar/arbeidsgjevar som har ansvaret for at lov og forskrift vert halde og at arbeidsmiljøet i arbeidslokala til ei kvar tid er tilfredsstillande.

Vedtak om innbetaling av gebyr

I fylgje forskrift til arbeidsmiljølova om gebyr for byggesaksbehandling, jf. § 9-1 i tinging nr. 702 «Forskrift om utforming og innretning av arbeidsplasser og arbeidslokaler» og § 14-1 i tinging nr. 706 «Forskrift om administrative ordningar på arbeidsmiljølovens område» skal det betalast gebyr til Arbeidstilsynet ved behandling av søknad om samtykke etter arbeidsmiljølova § 18-9 første ledd.

Kor store gebyrsatsane vert, kjem an på kva type tiltak og storleiken på tiltaket.

For nærare informasjon om gebyrordninga sjå www.arbeidstilsynet.no/gebyr.

Med bakgrunn i opplysningane i søknaden har vi plassert tiltaket i kategori **1a** og sett gebyret til kr. 625,-.



Gebyret for saksbehandlninga skal betalast av tiltakshavar. Faktura vert sendt i eiga sending. Dersom gebyret ikkje vert betalt av tiltakshavar innan betalingsfristen, vil vi tvangsinn-drive gebyret med tillegg av kostnader.

Vi ber om at det vert vist til vår referanse 2014/62514 ved seinare kontakt eller korrespondanse i denne saka.

For ordens skuld vil vi opplysa om at kommunen ikkje har høve til å gje løyve til igangsetjing av tiltaket før Arbeidstilsynet har gjeve samtykke til planane, jf. plan- og bygningslova § 21-5.

Høve til å klaga

Partane kan klage på vedtak og gebyr frå Arbeidstilsynet, jf. forvaltningslova § 28. Fristen for å klage er tre veker frå dette brevet er motteke. For nærare informasjon om klageinstans, framgangsmåte ved klage og retten til å få sjå saksdokumenta, sjå www.arbeidstilsynet.no/klage.

For meir informasjon

De kan finne meir opplysningar om arbeidsmiljø og aktuelle reglar på www.arbeidstilsynet.no eller www.regelhjelp.no eller vi kan kontaktast på telefon 815 48 222.

For Arbeidstilsynet Vestlandet

Marita Scott
tilsynsleiar
(sign.)

Edvard Klette
seniorinspektør
(sign.)

Dette brevet er godkjend elektronisk i Arbeidstilsynet og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Ansvarleg søkjar, H&H Arkitektkontor Søberggaten 3 3211 SANDEFJORD
Lindås kommune, Areal- og miljøavdelinga Kvernhusmyrane 20 5914 ISDALSTØ